

Lukka – igjen?

Lukko

Lukko, hu kan no vera sjelden,
hu.

Men av og te når hu kjeme tuslande
te meg på sokkaleisten, ein sånn
heilt alminnelege dag, så seie eg da
no òg:

Har du kanskje vore her heila tido,
du?

Oskar Stein Bjørlykke – *Hans Klure* (1)
Gjengjeve med løyve frå forfattaren

Forfattaren Oskar Stein Bjørlykke har i diktsamlinga *Hans Klure* lagt kvardagsrefleksjonar i munnen på den enkle vismannen frå Sunnhordland Hans Klure. Han undrar seg over dei små, men likevel store spørsmåla i kvardagen – i livet.

Oppgitte interessekonflikter: Ingen

Ord kan skape mening. Vanlege ord og utsegner frå folk rundt oss, vismenn og profetar. Eller uvanlege ord, poetiske ord, litteratur og dikt. Stundom ny mening, eller nytt lys over kjente ting. Gjerne over livet og dei store spørsmåla rundt mening og verdi, kjærleik og død. Kanskje det er fleire enn meg som kan få lys over dagleg liv og arbeid gjennom undringar i ord og poesi.

I diktsamlinga *Hans Klure* av forfattaren Oskar Stein Bjørlykke (f. 1939) finn vi slik undring i diktet *Lukko*.

Lukka, ja. Som vi alltid er på jakt etter, og strevar for å nå. Livslukka; det lukkeleg livet. Eit utbrukt tema for visdom og inn-

sikt, vil nokon seie. Kanskje det. Men kanskje like sant: eit forsømt tema. Ikkje minst i vår moderne opplevings- og sjølvrealiseringskultur. Og kanskje like mykje i medisins- og lækjarmiljø: vellukka menneske med vellukka liv; likevel på leit etter meir lukke og endå større rom for utfolding. Kanskje ikkje meir enn «andre», heller ikkje mindre – av eksotiske reiser, kulturelle højdare, smarte aksjeinvesteringar, stilige hytter ... Eller karrierejakt, bekreftelse og opprykk, publikasjonar og «impact», konkurranse og kompetitiv kollegialitet.

Kanskje vi kan oppleve at lukka kan vandre like ved sida av oss – i dei nære ting, i det kvardagslege, i det umerkeleg stille – sånn på sokkaleisten.

Mitt vesle barn i sutlaus søvn. Kjærleikens ømme blick, varme elskov. Soloppgangens stille strime. Første fuglesong. Opplevinga av å vere nær, høyre til, bli sett, vere elska. Av å gje, dele. Skape glede, tryggleik, forståing, tru.

Og i legearbeidet: Ta del i andre sitt liv, bidra til å mestre litt meir, halde ut, tru og håpe. Samkjensla med pasient og pårørande kan vere stor, i smerte, fortvilning og død som i fødsel, oppvaking og tilheling.

Ein er ikkje mindre profesjonell om ein opplever glede i samkjensle. Heller meir. Kvardagsmedisinen kan gje like sterke glimt av glede og velsigning som dei gloriøse livredningar.

Og alltid trøyste, oftast lindre om vi ikkje alltid kan lækje. Kanskje vi kan vere meir til stades i arbeidet – i samkjensla, i opplevinga av forventning, tru, håp, tillit, takksemnd og delte gleder. Kjenne litt på gleda. På lukko.

Har du kanskje vore her heila tido, du?

Bjarte Stubhaug

bjarte.stubhaug@helse-bergen.no
Avdeling for psykosomatisk medisin
Haukeland Universitetssjukehus
5021 Bergen

Litteratur

1. Bjørlykke OS. Hans Klure: prosadikt. Oslo: Samlaget, 1974.

Manuskriptet ble mottatt 31.8. 2006 og godkjent 24.10. 2006. Medisinsk redaktør Jan C. Frich.